

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 04.05.2020, kl. 09:00

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/69982765900?pwd=T0pjZHovelBtUWJ6RHRTYkJMUDFIUT09>

Meeting ID: 699 8276 5900

Password: 025059

Til: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga) Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Espen Holthe (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 4/20: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 5/20: Orienteringssaker.....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte .....	1
Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa .....	4
Orienteringssak 2: Erfaringar med ressursbudsjett.....	4
UUI-sak: 6/20 Drøftingssaker.....	5
Drøftingssak 1: Planlegging av undervisning for hausten 2020.....	5
Drøftingssak 2: Undervisning og vurdering våren 2020 .....	5
Drøftingssak 3: Planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma.....	5
UUI-sak 7/20: Ymist .....	5

### UUI-sak 4/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 5/20: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Referat møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 03.02.2020, kl. 09:00

Stad: rom 435, HF-bygget

Møtt: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Elisabeth Dalby Pedersen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Ann-Kristin Helland Gujord (vara for Torodd Kinn, nordisk språk)

Meldt forfall: Torodd Kinn (nordisk språk) og Espen Holthe (studentrepresentant). Christine Hamm gjekk etter O-sak 5.

Saksliste

[UUI-sak 1/20: Godkjenning av innkalling og saksliste1](#)

[UUI-sak 2/20: Orienteringssaker1](#)

[O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI2](#)

[O-sak 2: Eigenvurderingar og kvalitetssystem2](#)

[O-sak 3: Mentorordninga ved HF2](#)

[O-sak 4: Ressursbudsjettering for hausten 2020](#)

[O-sak 5: Miljøspesifikk orientering om stoda i fagmiljøa3](#)

[O-sak 6: Tildeling av midlar til undervisningsassistentar frå fakultetet4](#)

[O-sak 7: Mandat for UUI er godkjent i Instituttrådet4](#)

[UUI-sak 3/20: Drøftingssaker4](#)

[Drøftingssak 1: Studiebarometeret4](#)

[Drøftingssak 2: Handlingsplan for undervisning4](#)

[Drøftingssak 3: Prioriterte oppgåver for UUI våren 2020](#)

[UUI-sak: 4/20 Ymist5](#)

UUI-sak 1/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

UUI-sak 2/20: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat fra førre møte i UUI

Ingen merknader.

O-sak 2: Eigenvurderingar og kvalitetssystem

Undervisningskoordinator orienterte kort om at det har kome forslag til årshjul for studiekvalitetsarbeidet frå fakultetet, som vi kjem tilbake til på neste møte. Då inviterer vi også Inger Marie Hatløy, seniorrådgivar ved Det humanistiske fakultet, for å greie meir ut om årshjulet og rettleiing for korleis eigenvurderingane skal gjennomførast. Førre skal eigenvurderingane lagrast i Studiekvalitetsbasen.

*Saka vart tatt til orientering.*

O-sak 3: Mentorordninga ved HF

Undervisningskoordinator orienterte om korleis utarbeidinga av framlegg til mentorordning ved HF har vore.

Mentorordninga skal bygge vidare på studiestartgruppene som, etter tilbakemelding frå tilsette og studentar, fungerer godt frå før. Studentar har vore med i utarbeidinga av framlegget. Ein vil føre studiestartgruppene som har eit opplegg den fyrste veka i studiestart, vidare til å inkludere ei mentorordning det fyrste studieåret, med to til tre samlingar med vidarekomne studentar. Dei vidarekomne studentane som blir engasjerte som mentorar vil få opplæring og eit program slik at dei nye studentane har moglegheit til å få fagleg og sosial rettleiing av dei. Dette er ei investering i auka studiekvalitet som på sikt vil svare seg økonomisk.

Fakultetet byrjar rekruttering av mentorar for hausten 2020 i april/mars, i samråd med UiB sentralt og Saman. Alle fagområde kan få mentorar, men dei som allereie har ei slik ordning treng ikkje erstatte sine opplegg.

*Saka vart tatt til orientering.*

O-sak 4: Ressursbudsjettering for hausten 2020

Studiekonsulentane har blitt bedne om å ta til med å fylle ut grunnlagsdata for haustens ressursbudsjettering. Det er naudsynt at samarbeidet med fagkoordinatorane her er tett, slik at vi og planlegg haustens undervising i samstundes, slik at vi ikkje får to rundar med mykje det same.

Fagkoordinatorane har blitt bedne om å allereie no melde inn utfordringar dei ser føre seg til hausten slik at vi kan vere tidleg ute med eventuelle utlysingar av vikariat.

Det kom kommentarar om at sein sakshandsaming av vikariat og undervisningsassistentar ved institutt og fakultet gjer det unødig krevjande å planlegge langsiktig. Undervisningskoordinator erkjenner at dette skaper problem når ressursar skal omsettast til undervising, og tek tilbakemeldingane vidare.

*Saka vart tatt til orientering.*

O-sak 5: Miljøspesifikk orientering om stoda i fagmiljøa

Erik Bjerck Hagen orienterte om allmenn litteraturvitskap: Skal følgje opp resultatane frå Studiebarometeret i samråd med instituttleiinga og fagutvalet. Har oppretta masterforum, men det er låg deltaking. Det er planlagt ein gjennomgang av pensum på 100-nivå, særleg når det gjeld moderne litteraturteori.

Christine Hamm orienterte om nordisk litteratur: Det er ei utfordring at lektorstudentane skal i langpraksis i åtte veker, men det er høg deltaking i masterforum og masteropplegget elles. Dei tilsette har for mykje å gjera. Det er sett opp rettleiing i grupper for lette litt på ressursmangelen. Det er fleire studentar på grunn-nivå som reagerer på lesemengda, og tilbakemeldingane kan tyde på at dei synest det er krevjande å lese tekstar digitalt. Dette opplevast som eit stort problem, men inntrykket er at studentane stor sett trivst.

Ann-Kristin Helland Gujord orienterte om nordisk språk og norsk som andrespråk: Norsk som andrespråk har store bemanningsproblem. Nordisk språk har nyleg fått ein ny tilsett og bidreg i undervising hjå norsk som andrespråk. Desse to programma skal ha felles ressursbudsjett framover.

Else Berit Molde orienterte om norskkursa: Norskkursa blir finansiert av Studieavdelinga og HR-avdelinga på UiB sentralt. Dei har eigne kurs for flyktningar i tillegg til kurs for studentar og tilsette. Det er stort press på plassane og mykje administrativt arbeid. Norskkursa har ingen timelærarar for første gong på lenge, og 14 fast tilsette som tek hand om 1100-1200 studentar.

Bente Knold Kiilerich orienterte om kunsthistorie: Ressurssituasjonen er den største utfordringa. Fagmiljøet har gått frå å tilby fire til seks emne på 100-nivå, slik at dei treng fleire undervisarar. Dette er særleg krevjande når så mange er frikjøpte fleire semester i strekk. Emna går like fullt bra, og til dømes NEU201 har til no 52 studentar, som er mange for eit emne på 200-nivå som normalt har rundt 10 studentar.

Koenraad De Smedt orienterte om språkvitskap: Har fått gode tilbakemeldingar i Studiebarometeret. På bachelornivå er det for mange studentar på nokre emne, medan det er for få på masternivå. Det kan vera fordi det ikkje lenger er eit eige program i datalingsvitskap og høg etterspurnad etter dette fagfeltet. Dei ønsker å engasjere ein professor 2 i datalingsvitskap.

Keld Hyldig orienterte om teatervitskap: Er i ein overgangsfase med avgangar og tilsettingar. Tilsettingsprosessane opplevast utfordrande sidan ein får mange føringar for kva som kan stå i utlysingane. Det er krevjande å vera tre tilsette med eit bachelorprogram og eit masterprogram, særleg når det har skjedd ein stor auke i mengda masterstudentar. Dette gjer at ein fryktar for fråfallet om ein ikkje har nok ressursar til å følgje dei opp.

Rolf Beev orienterte om digital kultur: Fekk ein eksplosjon i mengda studentar førre semester. Fagmiljøet fekk dei ønskje undervisningsassistentane, men dei kan ikkje regnast som ressursar på same måte som dei fast tilsette då dei må ha opplæring, og ein ikkje kan bruke dei same assistentane fleire semester. Dei får to nye stillingar til hausten. Fagmiljøet har formulert emneomtaler slik at ein kan justere undervising fortløpande. Dei må følgje opp låge resultat i Studiebarometeret, sjølv om det òg var låg svarprosent. Den låge svarprosenten kan kome av at undersøkinga kolliderer med emneevalueringane.

Aidan Conti orienterte om klassisk: Har gode ressursar, sjølv om ei halv stilling går til mellomalderklynga. Var på møte med dekanatet før jul for å sjå på korleis ressursane ved fagmiljøet kan brukast betre ved instituttet. Fagmiljøet ønsker å undervise meir og er villige til å dele ressursar. Dei har fornøgdde, men få studentar.

Studentane orienterte kort om fagutvalsarbeid. Dei hadde møte med representantar frå alle fagmiljø førre semester og ønsker igjen å få ei oversikt over alle dette semesteret. Dei etterlyser den tradisjonelle semesterstartfrukosten med instituttleiinga og tillitsvalde studentar.

Undervisningskoordinator ønsker å ha ei orientering om stoda i fagmiljøa første møte kvart semester.

O-sak 6: Tildeling av midlar til undervisningsassistentar frå fakultetet

*Saka vart tatt til orientering.*

O-sak 7: Mandat for UUI er godkjent i Instituttrådet

*Saka vart tatt til orientering.*

UUI-sak 3/20: Drøftingssaker

#### Drøftingssak 1: Studiebarometeret

Undervisningskoordinator orienterte om studiebarometeret. LLE får blanda tilbakemeldingar i studiebarometeret. Vi har to studieprogram som skårar så dårleg at vi får varselsignal, men vi har òg det programmet som skårar høgast på heile UiB.

Vi må ta omsyn til dei signala vi får frå Studiebarometeret, og dei kategoriane vi blir vurderte på. Vi kan til dømes synleggjere arbeidslivet som del av undervisinga.

Studentane trekte fram at ein kanskje er meir tilbøyeleg til å svare på ei slik undersøking om ein er misnøgd, og at eit møte med studentane kan vera nyttig.

Undervisningskoordinator framheva at universitetet, fakultetet og instituttleiinga tek resultatane alvorleg, og at det er dei som er nærast studentane som kan følgje best opp.

Det vart kommentert at lenka til undersøkinga som blir sendt ut til studentane, er på norsk og at dette gjer at fleire engelskspråklege studentar ikkje deltek i undersøkinga.

#### Drøftingssak 2: Handlingsplan for undervising

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har utarbeidd eit framlegg til handlingsplan for undervising. Han orienterte om og trekte fram eksempel frå denne.

Det vil bli fylt ut kven som er ansvarlig for kvar bolc i handlingsplanen.

Det vart kommentert at ein må sjå på kva som er tilgjengelege ressursar. Til dømes er ressursane ofte eksterne på EVU-feltet.

Handlingsplanen vil bli lagt fram i instituttrådet og vedtatt der. Undervisningskoordinator tek gjerne mot innspel på e-post eller liknande.

#### Drøftingssak 3: Prioriterte oppgåver for UUI våren 2020

Undervisningskoordinator orienterte om dei prioriterte oppgåvene for UUI våren 2020:

1. Generelt: Følgje opp handlingsplanen for undervising når den er vedteken.
2. Følgje opp kvalitetsarbeidet internt og ut frå føringar frå UiB sentralt og frå HF-fakultetet.
3. Kartleggje eksisterande tilbod med tanke på internasjonalisering og utvikle nye (jf. punkt i handlingsplan for undervising).
  - a. Ha klare svar til studentar som spør om utvekslingstilbod.
4. Kartleggje grenseflatene mellom fag og kompetanse på LLE med tanke på å utnytte ressursane best mogleg (jf. punkt i handlingsplan for undervising).

UUI-sak: 4/20 Ymist

Ingen saker.

## Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa

Fagkoordinatorar får 3 minutt kvar til å orientere om stoda i fagmiljøa.

## Orienteringssak 2: Erfaringar med ressursbudsjett

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

## UUI-sak: 6/20 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Planlegging av undervisning for hausten 2020

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier. Førsteamanuensis Cecilie Boge frå læringslaben presenterer om korleis ein legge til rette for undervisning via digitale flater og kva for ressursar læringslaben har tilgjengeleg.

### Drøftingssak 2: Undervisning og vurdering våren 2020

Undervisning og vurdering våren 2020. Korleis har det gått? Kva har vore vellukka og kva har vore mindre vellukka? Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

### Drøftingssak 3: Planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma

Fakultetet og instituttet har mottatt brev om planlagd innføring av forventa utveksling i studieprogramma. Instituttleiinga har valt å nedprioritere dette grunna låg bemanning i studieadministrasjonen og innføring av koronatiltak, men vi ber no programstyra om å handsame bestillinga og sjå på korleis studieprogramma kan legge til rette for dette. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

Vedlegg: *Brev fra SA om forventet utveksling jan 2020*

## UUI-sak 7/20: Ymist